

TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET | OSLO
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO


NR. 6

2009

ÅRGANG 24



Opplev Oddleiv Apneseth med friske foto frå Jølster og høyr
"Sofienberg Spelemannslag" på Klubbefesten 7. november!



Smalahovegilde

på Pustut 31. oktober

Haust – smalahove – klubb – vi held tradisjonane i hevd og meire til....

Det er kjekt å sjå at hausthalvåret er godt i gjenge:

- Leikarringen med sine faste øvingskveldar, kurs og sosiale tiltak.
- Byggjenemnda/hyttestyret med synfaring(ar) på Sunnfjordhytta, kanskje vert det vøling/utbygging til neste sommar?

Men nærmast – om berre ein månad, 31. oktober–1. november, er det smalahovehelg, med smalahove direkte frå sjølvaste Ivar Løne på Voss, slettes inga dårleg løysing når laget ikkje lenger har høve til å gjere heile prosessen sjølve.

Klubbefesten – 7. november, med spennande program og sprelske ungdomar som syter for dugande dansemusikk – og, sjølv sagt vert det klubb av steinmale mjøl, med rikeleg tilbehør, og dei kjende og kjære songane.

Du kan lese nærmare omtale andre stader i dette og seinare lagsblad, men merk deg datoane no og hald av dagane, så du ikkje gløymer.....

Vel møtt, kvar og ein, nye eller gamle medlemmer, til trivelege, kulturelle tilskipingar, og ta gjerne med venner og kjente.

Anny

Har du ikkje registrert e-postadressa di hos laget, må du vere snar å gjere det!
Send melding om e-postadresse til: hilmarn@gmail.no (Hilmar Nummedal)

Hyttehelg på Nordfjordhytta 10.–11. oktober

Vi inviterer til hyttehelg med god mat og drikke og prat.

Ta med reker og høveleg drikke til festmåltid laurdagskvelden.

Helsing Astrid G. og Dagfinn

Hyggekveld i Sogn og Fjordaneringen tirsdag 13/10 kl. 19.00 i Storsalen

Tone Eid viser film fra **Nordfjordturen 2009** for Sogn og Fjordaneringen. Ellers blir det servering. Og selvfølgelig mye dans. *Solvor Sundsbø* spiller fele og *Bjørn Eidsheim* trakterer trekkspillet. Alle er hjertelig velkomne.

Hilsen Ingeborg



Øvingane kvar tysdag kl. 19.30–22, med Dagfinn som instruktør og Solvor på fele. I samband med folkedanskveldar på søndagar i Nordahl Bruns gate vert det kurs; **18. oktober i Bingsjø-polska og 22. november i Boda-Polska**. Begge gongane frå kl. 18 og med Dagfinn og Marit som instruktørar.

Smalahovegilde på Pustut 31. oktober

Det vert smalahovegilde på Pustut **laurdag 31. oktober**, flytt frå 24. oktober!! Hova med poteter og kålrabi skal vere klare til servering **rundt kl 19.00**. Vi må ha **påmelding seinast tysdag 27. oktober** til anten Agnar Hegrenes, tlf. 924 96 438, e-post **agnar.hegrenes@nilf.no** eller Andor Gjelsvik tlf. 91 55 10 58, e-post **andorgj@frisurf.no**



Vi vonar mange har høve til å kome. Ta med sovepose, drikke og mat til dagen etter. Vel møtt!

For hyttestyret, **Agnar Hegrenes**

– Kven har sagt at det ikkje er godt hovud på sauene ...?

Foto: Alv Reidar Dale



Opplev Oddleiv Apneseth med friske foto frå Jølster og høyr “Sofienberg Spelemannslag” på Klubbefesten 7. november!

Som alltid, i over 80 år no, haustens kulinariske og kulturelle høgdepunkt for utflytte fjordingar og sogningar og nærskylde; **Klubbefesten** samlar folk langs festpynta langbord i Storsalen fyrste laurdagen i november kvart år!

Rett nok ikkje noko jubileum i år, men med eit desto meir spennande og annleis program enn vanleg; vi har fått den drivne pressefotografen (BT), no frilansfotograf **Oddleiv Apneseth**, til å ta med seg eit utvalt knippe av sine foto av jølstringar i alle aldrar og ulike samanhengar



gjennom eit heilt år, 2008, til Oslo og oss. Han vil vise bilete og fortelje om dette eineståande fotoprojektet, så vi kanskje kjem til å kjenne oss att, sjølv om vi ikkje alle er sunnfjordingar.

Og dansemusikken er tinga, **Sofienberg Spelemannslag** – med unge musikarar frå heimfylket (ikkje dei to på biletet, rett nok). Og sjølvsgatt vert det bordsete ved finpynta langbord og klubb laga på steinmale byggmjøl frå Fjelli, med alt godt til, Nordfjordsongen, Klubbevisa og alt som høyrer ein tradisjonell klubbefest til.

Set av kvelden **laurdag 7. november** og ta til å lokke med deg vener og kjende på klubbefest i år òg! Nærare opplysningar om prisar og påmelding kjem i neste nr. av lagsbladet.

Klubbefestnemnda

Tunkveld på Årvoll Gård 27. august 2009

Sogn og Fjordaneringen hadde oppvisning, hvor Solvor Sundsbø spilte på fele, og Dagfinn Aa var danseleder. Vi danset tre musikkdanser og en sangdans. Det var også andre kulturelle innslag, indisk dans, musikk av Tonsenhagen Skolekorps og utdeling av priser. Været var ikke det beste, det viste seg på antall publikum. Ringen ble servert kaffe og vafler, og det var en hyggelig kveld.

De som danset var: Siri og Werner Tverdal, Randi Solheim og Kjell Stensrud, Anne-Lise Berggren og Svein Aasen, Ingeborg Fagnastøl og Dagfinn Aa



PROGRAM FOR SOMMAREN OG HAUSTEN 2009

Meir opplysingar kjem etter kvart i lagsavisa. Tilskipingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Brunsgt. 22, dersom ikkje anna er sagt,. Vi tek atterhald om endringar. Kontaktpersonar for styre og nemnder står oppførde på baksida av avisa.

Kvar tysdag Kl. 19.30 – 22 vanleg folkedansøving i Sogn og Fjordaneringen i Storsalen. Første gongen 25/8 og siste gongen 8/12.

Tysdag 1/9 Gamaldanskurs i ringen kl. 18 – 19.30. Fire kveldar

Helga 10-11/10 Hyttehelg på Nordfjordhytta

Tysdag 13/10 Hyggekveld i ringen

Søndag 18/10 Minikurs i Bingsjø-polska kl. 18, i samband med folkedanskvelden

Helga 31/10-1/11 Smalahoveeting laurdagskvelden

Laurdag 7/11 Klubbefest

Søndag 22/11 Minikurs i Boda-polska kl. 18, i samband med folkedanskvelden

Tysdag 1/12 Årsmøte i ringen

Levering av stoff til lagsavisa – ny praksis: Det er no sers sjeldan at stoff til avisa vert levert i laget sin postkasse i Nordahl Brunsgate 22. Vi har difor bestemt at stoffet heretter må sendast som e-post eller som vanleg post – sjå orienteringa nedanfor.

Helsing Presse- og PR-nemnda

Lagsavisa – fristar mm.

Frist for stoff til dei neste avisene er **13/10** og **25/11**. Utsendingane vert ei veke etterpå. Tidspunkt kan verte endra. Nemnda er takksam for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt som e-post til agnar.kvallestad@veths.no. Alternativt som brev til Agnar Kvallestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Kontakt oss på tlf. for avtale av andre leveringsmåtar. Vi ønskjer også bilete; helst digitale, men tek gjerne og farge- eller svart-kvitt-papirkopiar. Spørsmål rettast til Agnar Kvallestad (tlf.nr. på baksida), Ragnvald Halset eller Alv Reidar Dale.

A

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**
Nordahl Brunsgate 22
0165 Oslo

STYRET

Leiar.: Anny Sollid 22 61 38 88 (p)

anny.sollid@online.no

Kasserar: Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p)

hilmar@getmail.no 92 06 72 63

PRESSE & PR

Leiar: Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) - 22 96 46 24 (a)

HYTTESTYRET

Leiar: Agnar Hegrenes 22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)
92 49 64 38

Kontakt Sunnfjordhytta:

Andor Gjelsvik 21 92 02 05 (p) - 24 14 51 40 (a)
91 55 10 58 (p)

Kontakt Nordfjordhytta:

Dagfinn Aa 67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)

SOGN OG FJORDANERINGEN

Nestleiar: Ingeborg Fagnastøl 22 65 49 44 (p) - 23 36 96 00 (a)
